



## Notat

Dato: 09.05.2014  
Arkivsak: 2014/12154-2  
Saksbehandlar: fromann

---

<b>Til:</b>	Hovudarbeidsmiljøutvalet Administrasjonsutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Sjukefråvær Hordaland fylkeskommune 1. kvartal 2014

#### Samandrag

Sjukefråværet gjekk klårt ned i første kvartal, frå 6,41 prosent i 2013 til 5,60 prosent i 2014. Det er særleg langtidsfråværet som er redusert.


Fråværet har gått ned i dei fleste avdelingar og yrkesgrupper, og for både kvinner og menn. Reinhaldarar, miljøarbeidarar og tannhelsesekretærar ligg framleis på eit relativt høgt fråværsnivå, medan pedagogar, tannpleiarar og skuleleiarar har lågast fråvær dette kvartalet.

#### Statistikkgrunnlaget

Til grunn for statistikken ligg data frå modulen «HR Analyse» i Personalportalen. Alt fråvær ved eigen sjukdom er rekna med: eigenmelding, sjukmelding, fråvær ved yrkesskade og fråvær når NAV refunderer i arbeidsgivarperioden (langvarig eller kronisk sjukdom).

#### Sjukefråværsutviklinga over tid

**Diagram 1 – Sjukefråvær i heile HFK, pr. kvartal, 1.kv. 2011 – 1. kv. 2014**



Fráværet i første kvartal 2014 var på 5,60 prosent, mot 6,41 prosent første kvartal 2013, ein reduksjon på 12,6 prosent. Det er klart lågare enn nivået første kvartal dei tre siste åra. Etersom frávær første kvartal normalt vert påverka av influensa og sjukdom knytt til vintervær, så er det naturleg å tenkje at den milde vinteren og svak influensaepidemi har verka inn på fráværet hittil i 2014.


Både korte, midlare og lange frávær har gått ned. Det er likevel særleg det lange fráværet, dvs. over 8 veker, som er redusert sidan i fjor. Redusert langtidsfrávær heng truleg i liten grad saman med sesongprega sjukdomar. Når fráværet óg gjekk ned andre halvår 2013, så er det mogleg at vi har ein meir generell tendens til redusert sjukefrávær i fylkeskommunen.

### Kvinner vs. menn

Fráværet for kvinner har gått ned frå 7,54 prosent i første kvartal 2013 til 6,75 prosent i første kvartal i år, ein reduksjon på 10,5 prosent. For menn er reduksjonen enda meir markant, frå 5,01 prosent til 4,12 prosent, ein reduksjon på 17,8 prosent.

### Stillingsgrupper

**Diagram 2 – Sjukefrávær i HFK fordelt på stillingsgrupper, første kvartal 2013-2014**



Vi ser størst reduksjon i fráværet for gruppene kontorpersonell, pedagogar, rådgjevarar, driftspersonell\*) og tannpleiarar\*). For gruppene reinhaldarar, miljøarbeidarar og leiarar fylkesadministrasjonen\*) har fráværet auka noko. Reinhaldarane hadde på si side ei markert reduksjon frå 2012 til 2013, slik at fráværnivået for denne gruppa ser ut til å halde seg stabilt på vel 10 prosent.

\*) Desse gruppene er talmessig små og er dermed meir utsett for tilfeldige variasjonar.

### Sektorane i fylkeskommunen

Fráværet har gått ned i alle sektorane i fylkeskommune. Innan tannhelse og opplæring er reduksjonen frå første kvartal 2013 til første kvartal 2014 på ca 11 prosent, medan fylkesadministrasjonen har ein tilsvarande reduksjon på ca 16 prosent.